


## Prosjekt «Frå jord til bord»

Våren 2016



Vårens tema dreier seg om å dyrka eigen mat. For å få tid til å hausta avling er dette eit prosjekt som går over tid. Det vert derfor ikkje ei veke samanhengande som tidlegare prosjekt. Me ynskjer at elevane skal følgja prosessen frå frø til grønsak. Me brukar ulike dagar og jobbar mykje klassevis, med to felles prosjektdagar.

Eitt av måla med dette prosjektet er at elevane skal finna ut kvar ein finn frø og ikkje at ein må kjøpa dei på butikken. Lat dei få prøva seg med grønsaker heime og ta gjerne med frøa tilbake på skulen, så skal me prøva å dyrka dei. Det er ekstra kjekt om dette er noko de kan gjera heime og. For å få spirene godt i gong, oppmodar me elevane til å ta med seg tomme drue-, tomat- eller bærboxsar i blank plast. Dette kan me bruka som minidrivhus. Me skal også få laga eit stort drivhus på skulen. Gjennom temaperioden skal me laga ein åker. Dessverre blir det nok ikkje mogeleg å hausta alt før sommarferien, så resten avlinga blir hausta etter sommaren.

Me skal innom tema som

- Laga åker- dyrka grønsaker
- Jordbruk før og no
- Biologi
- Økologisk jordbruk

Aktivitetsplan for prosjektet:

Veke 11- Klassane sår frø. Ta med eigne frø ein har plukka frå frukt eller grønsak. Ta med plastbeger om de har.

Veke 15- Me priklar spirene og begynner på åkeren

19-20 mai- Aldersblanda grupper på stasjonar. Me plantar ut i åkeren.

Mvh personalet ved Myking skule.

